



Sist Hjørnevåg var med i NM var i Ålesund i 2008 og også då vart det sølv for fiskepuddingen. Her er ein glad dagleg leiar Marit Hjørnevåg etterpå

**Brødrene Hjørnevåg har håva inn 4 sølvmedaljar under NM i Sjømatprodukter på denne sida av årtusenskiftet.  
Men når kjem gullet?  
Blir det under NM i Lillestrøm 6. februar 2011?**

- Det veit eg like lite om som deg, seier daglig leiar Marit Hjørnevåg til Uskedalen.no. Ho har som alle andre involverte berre fått tilsendt ei pressemelding med liste over dei 17 bedriftene som er invitert til overrekkinga av medaljane, 37 i talet.

Den framgangsrike produsenten på Børnes stiller i tre kategoriar i år - det er fiskepudding som var grunnproduktet til Hjørnevåg, fiskekakar og fiskekarbonadar.

Dette er merittlista til Hjørnevåg i dei siste åra. Det har ikkje vore NM i dei åra som ikkje er med på lista:

2001: Sølv i fiskepudding  
2002: Sølv i fiskekakar  
2004: Sølv i fiskepudding  
2006: Bronse i fiskepudding  
2008: Sølv i fiskepudding.

Det er Norske Sjømatbedrifters Landsforening som står ansvarleg for NM. Denne hausten har 10 dommarar smaka seg gjennom 136 produkt frå 23 bedrifter. I tillegg til dei 3 kategoriane ovanfor er det tevla i fiskebollar, fiskekakar, fiskegrateng, ferdigrettar og nyheiter.

Medaljene skal overrekkast av fisker- og kystminister Lisbeth Berg-Hansen under messa SMAK-2011. Resultatet blir ikkje gjort offentleg før premiutdelinga. Frå Vestlandet er Brødrene Hjørnevåg, Domstein Enghav frå Haugesund, Trollkrabben frå Stord og Taste of Måløy de nominerte.

Av Ola Matti Mathisen